



9.klasse Måndalen skule Vinnarar av den regionale teknologikonkurransen First Lego League

Hei, me er ei 9.klasse ved Måndalen skule. Me er 25 elevar, foreldre og lærarar som har arbeidd i 7 veker fram mot eit mål: Delta og aller helst vinne konkurransen First lego league i Ålesund, der lag frå heile Møre og Romsdal var med.

Me er med på dette for ei rekkje grunnar. Dels for utvikling av fellesskapet, dels fordi det inneheld mykje læring og kunnskap og dels fordi me ønskjer å være bidragsytarar av rekruttering til bedriftene i regionen vår.

I konkurransen inngår det å lage show, blest og underhaldning. Lage eit foredrag om energi med fokus på ei lokal bygning med innovative løysingar for enøk-tiltak. Me har delteke med ein logg over arbeidet me har gjort til no. Sist men ikkje minst er det å programmere robotar til å utføre konkrete oppdrag, samt å lage verktøy til desse oppdraga.



På Høgskulen i Ålesund på laurdag vann med programmeringsprisen og konstruksjonsprisen, samt me var nominert topp tre i andre kategoriar. Summen av alt arbeidet gjorde at me gjekk av med sigeren og vart kåra til Champions.

Det som skjer no er at me vil ta med oss 9.klasse for å representere region vår i den skandinaviske finalen i Danmark, Herning 30.nov.-2.des. Me har som uttalt mål å førebu oss best mogleg slik at me vinn i Danmark.

Me reiser til Danmark for å representere det beste som vår region har å by på. Me vil då invitere dykk til å vere med på laget.

Me treng dykkar støtte for å kunne komme oss til Danmark. Eventuelle midlar vert brukt til reise, opphald, sponsor-/lageffektar, kost.

Planlagt avreise frå Måndalen er torsdag 29.november, så datoen er nært foreståande. Me er i gang med å opprette ein konto for å lette arbeidet med sponsor midlane.

Fly t/r Billund (10 voksne, 25 barn)	130 000
Hotell/Overnatting	35 000
Transport til/fra i Danmark	15 000
Utstyr og sosiale akt.	20 000
Div/uforutsatt 10%	20 000
Kostnad	220 000

FINANSIERING: Gavebidrag frå lokalt og regionalt næringsliv, Rauma kommune og Møre og Romsdal Fyllke.

First Lego League Arbeidsgruppe:
Anne Mette Korneliussen-Thomas Remen-Arild Hartviksen-Lars Stenerud-Ole Kjell Talberg

Ta kontakt med:
Arild Hartviksen
Mobtlf: 47370000
E-post: arild.hartviksen@partner-gruppen.no

For meir informasjon følg desse lenkjene:

http://www.pedit.no/gs/rauma/view.cgi?&link_id=0.4389&session_id=410473832

<http://www.hjernekraft.org/>

<http://www.finale07.hjernekraft.org/>

<http://www.rbnett.no/article/20071112/LOKALNYTT/711120009>



18 Dager, 01 Timer, 24 Minutter
igjen til finalen starter
Dato: 13.11.2007 08:42:38